

Fra: Jarle Skeidsvoll (Jarle.Skeidsvoll@osteroy.kommune.no)

Sendt: 05.09.2018 10:22:47

Til: Fylkesordfører

Kopi:

Emne: Ber om signatur til Nordhordland Biosfæreområde

Vedlegg: Kap 1-4 UNESCO biosfæresøknad_samandrag.pdf;Kap 5 Signaturer_UNESCOSøknad.pdf

Nordhordland ved dei 11 kommunane Austrheim, Fedje, Gulen, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy, Radøy, Vaksdal og Øygarden, har gjennom vedtak i kommunestyra hausten 2017 / våren 2018 bestemt å søkje om å bli eit UNESCO Biosfæreområde. Biosfæreområda høyrer til UNESCO sitt 'Man and Biosphere'-program som utnemner modellområde for heilskapleg, berekraftig utvikling (sjå meir informasjon på www.nordhordlandbiosphere.no).

No nærmar vi oss innsendingsfristen til å sende søknaden frå oss. Vi har akkurat fått tilbake den engelske versjonen som er kvalitetssikra både av Miljødirektoratet og av professor Martin Price ved University of Highlands & Islands og som er en nestor i UNESCO sitt MAB-program. Tilbakemeldinga er særst positiv – så no gjer vi dei siste endringane der og er snart i mål.

Søknaden skal ha underskrift av fylkesmenn og fylkesordførarar i dei to fylka i kap. 5. Vi legg ved dette kapittelet, slik at de kan sjå korleis det vil sjå ut i den endelege versjonen. I tillegg legg vi ved samandraget av søknaden, kap. 1-4, den norske versjonen som vart sendt til omsetjing.

Vi kan ta i mot underskriftene pr. e-post og leggje dei inn i dokumentet. Vi ber om at de svarer på denne e-posten med ei stadfesting om at de ønskjer å signere dokumentet, og legg ved signatur i ein jpg-fil med god oppløysing. Har de spørsmål, tak kontakt! **Ber om signatur innan torsdag 6. september.**

Med venleg helsing

Jarle Skeidsvoll

Leiar, styringsgruppa for Nordhordland Biosfæreområde

Ordfører i Osterøy

M: 91569153